

Årsmelding

Rapport frå hovudstyret:

Styret har i 2016 hatt denne samansetjinga:

Leiar: Zofia Nedrebø

Nestleiar(trim): John Sægrov Holm

Kasserar: Jan Arild Herredsvela

Sekretær: Karen Hognestad Liland

Turn: Hege Haugland Byberg

Fotball: Inger Marie Stensland

Styremedlem 1: Kathrine Mauland

Styremedlem 2: Jim Helge Lomeland

Vara: Håvard Braut

Hognestad Idrettslag har hatt eit innhaldsrikt og godt år. Me hadde 226 aktive og 100 passive medlemmer i 2016. Av desse var ca. 150 turnarar og 50 fotballspelarar. I tillegg har idrettslaget eit trimlag for innebandy, ein damegjeng som trenar styrke i hallen, me arrangerer idrettsmerketaking og turmarsjar. Me har hatt 8 styremøte og det er bokført 66 saker.

Det største prosjektet me er i gang med dette året er nytt klubbhus. Målet for 2016 er nådd, klubbhuset er under bygging og kan opnast i løpet av våren 2017. Det blir eit flott bygg. Mange er med på dugnadene og det er mykje positivt med huset allereie.

I februar prøvde idrettslaget seg på eit nytt konsept. 10 års jubileum for hallen og 40 år for idrettslaget måtte feirast skikkeleg. Konsert for ungar frå Jæren om dagen og fest med livemusikk om kvelden for dei vaksne. Det var eit stort prosjekt, festkomiteen var litt nervøse, men optimismen var heile tida til stades. Emma Noor konserten på dagtid blei utsolgt og det gjekk over all forventning. 500 ungar var innom Hognestad den dagen. Festen på kveldstid var og veldig kjekk og mange festestemte vaksne svingte seg på gulvet, snakka med kjente og ukjente, åt pølser frå Malmin og Orre og hadde mykje godt i glaset.

Hognestad-dagen var den 27. august. Vêret på dagen var godt, barnaløpa med startnummer blei vidareutvikla med ulike løyper for ulike aldrer. Ungane i bygda er glade i å springa så me kjem til å ha nye løp på neste Hognestad-dag. Det var fotballkamper der dei aldersbestemte laga våre fekk visa seg fram og me delte ut smooties til alle fotballspelarar som var innom. Stemningen var god, mykje folk kom og Hognestad IL fekk visa seg på ein god måte. Det store teltet var sett opp for å husa Hognestadnåttå om kvelden, i fjor trudde me at teltet ikkje kom til å vara så mykje lenger, men styret har sendt det til reperasjon og me har begynt å leige det ut. Reperasjonen blei dekka av at Bryne FK lånte teltet til sin sommarfest i Sandtangen. Takk til alle som er med og set det opp og tek det ned att. 10 års

jubileumsfesten for bygdacupen i august 2016 hadde ein stemning som stod til taket og når Lausdrift lufta idrettslaget sin eigen song «Me er Hognest», var dansegulvet fullt. Pølsekonseptet frå februarsfesten har blitt eit varemerke, og me hadde pølsene frå Malmin og Orre i skjeva med mykje godt attåt. Takk til festkomiteen som står for dei ulike festane, det er gode pengar i kassen til Idrettslaget.

Utanom denne dagen har HIL arrangert turnavslutningar, fotballavslutningar, St.Hans, , pølsepub med åresal og romjulspub med gløgg og spekemat. Alle med godt oppmøte og god stemning. På juleturnavslutninga var det over 500 stk i hallen. Det var kakemenn, pepperkaker, kaffi og saft på småbord rundt i hallen som alle kunne forsyna seg av i pausen. Etterpå var det tenning av julegran, gang rundt treet og nisse med litt snop i sekken. (FAU stiller med tre, HIL med nisse). Fleire av ungane på turnen kjem frå Time, Klepp og Hå. Foreldra var imponerte over kor kjekk avslutninga var.

Ein stor takk må rettast til alle som har gått dugnad for idrettslaget. I 2016 har det blitt litt ekstra dugnadar, særleg pga bygging av nytt klubbhus. Me hadde og stand der med solgte pølser under opninga av Midtgardsormen. I løpet av Jærdagshelga er det mange som stiller opp og går sine vakter. Me er inne med vakter på traktorpullinga og me har ein dugnad for Volvo, der me sel mat og drikke på arrangementet. Dugnad er både god reklame og verdifulle pengar for klubben, og me håpar at alle stiller på dugnad neste år også.

Me vil takka Bryne Kro og Hotell for ein god middagsavtale som gjer at me kan takka dei frivillige som på dugnad får idrettslaget til å gå rundt.

Mange timer er lagt ned for at barna som går på turn og fotball skal få trenere, kjenna seg medrekna å bli sett. Styret vil retta ei stor takk til alle trenarar, medlemmar i dei ulike utvala og foreldre og barn som vel Hognestad som sitt idrettslag.

Til slutt takkar me annonsørar, sponsorar og alle andre som på ein eller annan måte har støtta opp om idrettslaget vårt. Me håpar på eit godt samarbeid vidare og oppmodar alle medlemmane våre til å kjøpa varer og tenester som dei kan tilby.

Takk for i år!

-Styret-



Turngruppa

Parti	Antal	Trenarar
Foreldre Barn	5	Rullerer blant foreldra.
3-4 år	27	Kaia Fosse, Thea Steinsland, Lea Fosse, Vilde Jensen og Hege H Byberg
5-6 år	30	Mari Steinsland, Kaia Fosse, May Hege Lye, Janne Herredsvela og Elida Paulsen Salte
7-9 år	35	Elisabeth Steinsland, Jens Haugland, Elida Paulsen Salte, Eila Stivimoen og Mari Steinsland
10 + gruppa	50	Henrik Samuelsen, Siv Grete Skårlund, Elisabeth Steinsland og Hege H Byberg

Juleavslutning 2016

Hausten 2016 er over og turnarane var igjen klar for juleavslutning. Tradisjonen tru blei 1. sundag i advent markert med mange flotte turnoppvisningar, nissebesøk og tenning av julegrana på Hognestad. Det var gildt at like mange som i fjor tok turen, for å sjå alle dei flotte turnarane.



10 + partiet med flott pyramide.

Med ca. 150 turnere og 14 gode trenarar fekk me sette mange flotte oppvisningar. Aldersgruppa 3 år og heilt opp til 20 år fekk vist akrobatiske kunster. Det er gildt at me på Hognestad har plass til både store og små.



5-6 åringane.



7-9 åringane med høge strake svev.




Dei eldste turnarane med ei spektakulær avslutning.

Eg vil til slutt nytte høve til å takka alle utøvarar og foreldre som bidreg til eit posetivt og inkluderande turnmiljø. Takk for den gode innsatsen dokker trenarar legg ned kvar veke for våre barn.

Ønsker dokker alle eit godt treningsår vidare.

Hege



LARS OHMA

Oma, 4340 Bryne
Tlf. 51 48 71 45 - Fax 51 48 77 40
Mob. 905 05 712 - larso@robin.no
Org. nr. 970 387 471 MVA



VEKTEK Registrert Elektroinstallatør 

Gartneri Hagesenter Landbruk Industri Private
Tlf.: 51 31 93 00 Fax: 51 31 93 33 Vakt tlf.: 906 56 940
post@vektek.no www.vektek.no Grødelandsv. 369a, 4343 Orre

RISA

Skaff deg større alburom

Vi hjelper deg med påbygg, tilbygg og renovering. Ring 51 77 91 91 eller 934 35 285, og be oss ta hånd om hele prosessen. Sjekk www.byggelaget.no



Byggelaget

Fotballgruppa

Gutar/ jenter 5 år

Dette er Hognestad IL sine yngste fotballspelarar. Dei hadde første fotballtrening 19.april og er ein veldig ivrig fotballgjeng som gjer mykje på trening. Me er heldige og har fleire gode trenarar med på laget som lagar interessante treningar. I 2016 har me kun hatt treningar og er nå veldig klare til å spele 3er fotball på turneringar i 2017, sjølvsgå med brune drakter og pokalar. Treningane varte fram til desember, då tok dei åtte trufaste spelarane juleferie.

Takk for eit kjekt treningsår.

-Inger Marie, Morten, Kåre og Tommy.



bvf: Mathias, Daniel, Anton, Oliver fvf: Erling, Tiril, Beate, Ruth Sofie

Gut/ jente 6 år

6 års laget har hatt eit gildt år og ungane har utvikla seg for kvar trening. Me har delteke på 3 turneringar i haust. Først ut var høgfjellsturneringa på Lyefjell, ein varm og solrik laurdag i august. Flott arrangement som vanleg! Vidare deltok me på kiwiknotten på Bryne og tigercup i Egersund. Det var kjempegildt og ungane var ivrige og skåra mange mål! Foreldre, sysken og besteforeldre har vore god heiagjeng på sidelinja. Me gjekk i haust over til å ha 5 spelarar på banen. Overgangen frå 3'ar fotball til 5'ar fotball gjekk strålende og det var ekstra stas med keeper i kampane. Me hadde mange gode treningar i eit nydeleg haustver fram til haustferien. Når haustveret kom for fullt, starta me opp innandørs. Me har hatt eit godt samarbeid med 5 års laget, og hatt felles oppvarming inne i hallen. Ungane har trent på ulike basisøvingar med mykje ballkontakt.

Laget avslutta sesongen på Leos leikeland saman med 7 og 8 åringane. Det var ein kjekk ettermiddag med mykje bra aktivitet og god mat. Stor takk til HIL som spanderer dette på alle spelarane. Nå er me snart klar for ein ny fotballsesong og startar opp igjen med trening inne i hallen tysdagar kl 16.30 -17.30. Dette året blir det seriekampar kvar onsdag og mange kjekke turneringar. Me håper at fleire 1. klassingar finn fram fotballsko og møter opp på treningane framover ☺

Takk for kjempebra innsats og mykje fotballglede i 2016!

Espen og Ann Iren



Bfv: Snorre, Tobias, Ivar Johannes, Jonas

Ffv: Tale, Iva

Gutter/ jenter 7 år

Me har hatt ein bra sesong som starta med Grønt Gras i April etterfulgt av seriespel og fleire kjekke turneringar på Bryne og i Egersund.

Alle jenter og gutter har vore ivrige på treningar og på kampar, alle saman er med heile tida og det er framgang hos alle spelarane, noko som me trenrar synast er veldig kjekt.

Sesongen blei avslutta på Leos Lekeland i lag med 6 åringane, her var det høgt støy/ leikenivå blant ungane og god drøs blant alle foreldra som var med.

Nokon hadde litt større problem enn andre å få med sine små heim til legging, og dei siste reiste frå leikelandet etter stengetid!

Me gler oss til neste sesong, og me ser fram til å ha med 4 stk fra 2008 årgangen på laget



Fv. Emily, Ådne, Edvin, Gustav, Rita, Herman, Kristoffer

Jenter 8 år:

Dei seks jentene frå Hognestad som er født i 2008 held fortsatt koken. Dei spelar femmarfotball, og har gjennom heile sesongen møtt fast til alle kampane og alle treningane. Innsatspokalen går difor til alle seks. I utgangspunktet er det sårbart å berre ha ein innbytar på laget, men så lenge jentene er gode i fotball og aldri melder fråfall, går dette som det susar.

Me unna oss velfortent fri i desember, men har i heile haust trena onsdagar og fredagar rett etter skulen – frå 13.00 til 14.00. Det var stas å få med turneringa som Sandved IL arrangerer heilt på tampen av sesongen. Dette er ei innandørsturnering berre for jenter, og det blir spelt triarfotball med høgt tempo og utan dødballar. Me stilte med to lag, og lånte med oss begge jentene som er født i 2007. Det vart vinn vinn for alle partar; 2007 jentene fekk prøvd seg på å spela fotball med berre jenter, medan 2008 jentene fekk ha ein innbytar på kvart lag.

Me avslutta sesongen med overnatting på trener Jette og spelar Cassandra si hytte på Eigerøy i slutten av november. Heldige oss som kom fram til oppvarma hytte heilt i sjøkanten. Etter å ha laga og steikt kvar vår pizza i ein ekta pizzaomn, var det spennande å leika politi og røvar utanfor hytta med ulande vind rundt øyrene. Dei vaksne vert vekka til full frukostoppdekking av blide jenter, etter oppvasken fekk me med oss ein frisk tur ut i havgapet før heimreise.

Takk for ein gild sesong, me gler oss til 2017!

Jette & Tone



Bfv. Cassandra, Jette, Tone. Ffv. Thilde, Lina, Jette, Lovise, Amalie

Gut/Jenter 9år

Vårsesongen er ikkje så mykje å skrive om, men utover hausten begynte ting å løsne. Laget begynte å fungere som eit lag og me vann nokre kampar. På Tigercup var det også kjempeinnsats. Siste kampen mot Sandnes Ulf var årets høgdepunkt, då varta laget opp med fint spel og leda på det meste med 3 mål mot seriens beste lag (endte uavgjort). Avslutninga gjekk føre seg på Stadion Bowling etter spelarane sitt eige ønske (følte seg litt for vaksne for Leos lekeland 😊)

Neste år klarar dessverre ikkje 2007 årskullet å stille med eige lag, men alle får vere med 2006 gjengen som mest sannsynleg melder på 2 lag.

God nytt år frå oss som har fått trennt denne gilde gjengen!

Eirik og Jon Garman



Bfv. Vegard, Erik, Johannes, Eli , Leah og Johan

Gut/ jente 10

Ein kjekt og innhaldsrikt fotballsesong kor me har spelt kampar i nærmiljøet, men også hatt langturar til Bakke, Helleland og Hovsherad. Kampane dette året har vore jamne og spennande med fleire gode resultat. Turneringane har stått på rekke som Grønt Gras, Agder cup i Flekkefjord, Kiwiknotten og Tigercup. I Flekkefjord fekk me ligga i hytta til familien Ødegård på Anabeløy. Det var kjempegildt. Vêret var strålende, plassen var idyllisk og cupen var bra. Me har spelt siste sesong med 5er fotball og er klar for 7er fotball neste sesong. Dette innebærer også nye kjekke turneringar, sidan nokre av dei me har vore på tidlegare kun er for 5er fotball. Sesongavslutninga hadde me på Luckybowl Stavanger med bowling og mat som me vann gavekort til på Tigercup.

Me ser fram til ny sesong med nye utfordringar og meir speleglede. Takk for fin sesong!

Inger Marie, Simen og Glenn.



Bfv. Johan, Egil, Thomas, Kristoffer, Ida, Henrik, Gard

Ffv. Markus, Marius, Oddvar, Magnar



Landbruksavdelinga

Tlf. 51 79 11 40

A-laget

Hognestad a-lag klarte målet!

Sesongen 2016 er over, og me klarte målet vårt. Me gjennomførte alle kampane uten å få store problem med å stilla lag. Me gjennomførte over 50 treninger, og 18 kampar. 3 kampar i Kviaserien som sesongoppkjøring, med 3 tap som resultat. Me hadde treningskampar mot Lye og Varhaug 2 og før serien starta. I sommarpausen hadde me Undheim på besøk. I serien klarte me 9 poeng, etter 3 seirar på rad. Til slutt endte me på 7. plass.

Me har meldt oss på Kvía-serien denne vinteren og. Her skal me spela mot andre lag frå 6. og 7. divisjon samt juniorlag. I fjar tapte me alle kampane i denne turneringa, det skal me ikkje gjera i år. Følg oss på facebooksida: Hognestad A-lags Supporterside. Der legg me ut litt innsidestoff. Samt informasjon om kampar. Veldig kjekt at så mange følger med på kva me gjjer.

Hadle Haugland og eg held fram som trenrarar. Ingen har spurta om å få overta. Me trivest godt med ein treningsvillig gjeng. Kåre Hognestad er framleis med som oppmann. Me har fått treningstider på Rosselandsbanen, Aarbakkebanen på Bryne, samt kunstgraset på Lye. Dette er me svært takksame for, og gjer at me kan vera litt fleksible med treningar og kampar. Eg har eit inntrykk av at naboane våre synest det er stas at Hognest igjen har a-lag.

Spelarane har bestemt at treningsiver, og antall oppmøte på trening, skal leggjast til grunn ved laguttak. Dette er me trenrarar glade for, då slepp me «surmuling» for at nokon som ikkje trenar får spela kampar. Det gjer laguttak enklare, så får resultata koma etterkvart. Målet er framleis å skapa eit godt miljø for eit a-lag på Hognest. Dette vil og det nye klubbbhuset hjelpe oss med, då det vert lettare å samla gjengen i samband med treningar/kampar.

Sjølvre treiningane prøver me å leggja opp med mest mogleg spelsituasjonar. Mykle ballkontakt, og opplæring på basisferdigheter. Utfordringa med eit såpass ungt lag, er å få dei til å snakka meir seg i mellom når dei spelar. Mange vil/tørr ikkje ta tak å styra andre i spelet. Dette kjem seg nok når me får trent ei stund til. Trenarane har og eit grunnsyn på fotball som gjer at me likar betre å vinna 4-3 enn 1-0. Dette medfører at me vil prenta inn i spelarane å sjá framover når dei vinn ballen. Me vil ikkje ha noko balltrilling i bakre firar, for så å måtte slå ein lang ball opp på måfå når me vert pressa. Det har storebror i nord prøvd i mange år. I 2017 må dei spela 2. divisjonsfotball....

«Nye Hognest» har aldri rykka ned! Det skal me ikkje dei neste åra hellar!

ME Æ HOGNEST!!



Damefotballen 2016

Eit heilt år er omme, og me er ein god gjeng som har gjort unna femtito effektive måndagstreningar. Nokre køyrer pulsklokker og tights andre svergar til hestehale og fotballshorts, uansett så er me alle einige om at dette er den alle beste starten på ei ny veke. OG til dei som lurer, så stadfestar også pulsklokkene dette i aller høgste grad.

Dette er altså ei solid og særslig effektiv trening, som i tillegg er både gild og sosial. Reglane er slik at alle må vera aktiv medlem i Hognestad IL (650kr per år), og alle må meldा seg på til kvar trening via ei lukka gruppe på Facebook. I 2016 har me køyrt 60 minutt fotball, og 30 minutt styrke leia av Jette Aase. I 2017 vert det ei rein fotballtrening frå 19.30 til 21.00 på måndagar, i tillegg kan dei som vil gå på den nye styrketimen som er sett opp torsdagar frå 19.00 til 20.00 – og det kan reknast som «all inclusive» ☺

Dei fleste som er med i fotballgruppa er i frå bygda, men nokre få råskinn frå periferien er med og krydrar det heile. Me er kjempeglade for at me er ei gruppe på ca. 20 damer som tykkjer fotball er gild trening, og alle er einige om at det er ein skikkeleg bonus at me vert kjente på tvers i bygda.

Tone



Innebandy

Torsdager mellom 20:00 – 2130 er tida inne for å ta igjen for all trening som er forsømt den siste veka. Sidan denne tida i fjor, har seriøsitetten bare auka på, og nå er det noko ein mest kan kalle felles oppvarming før start. Mange av oss er jo godt vaksne karar, som ein kanskje skulle tru ikkje var mottakelege for ny lærdom, men nivået har økt betrakteleg det siste året, og dei som før var rundingsbøyer, har begynt å runde sjølv.



Denne kjernesunne gjengen kjem alle til å leva alt for lenge grunna stålkondis og andre biverknadar av iherdig innsats i hallen kvar torsdag.

Hugs at alle manfolk over 18 år er hjarteleg velkomne på innebandytrening i hallen torsdager 20:00-21:30

Tommy Hognestad Liland

Styrketrening i hallen

Ein gjeng med friske og opplagte damer har begynt å trenere styrke i hallen på torsdagar kl 19.00-20.00. For at me skal klara å vera på topp lenge er styrke viktig! Det er sirkeltrening med gode basisøvingar med hovudvekt på mage, rygg, armer og lår. Vel møtt!

Karen Hognestad Liland



Val

Valkomiteen si innstilling til årsmøtet 2017

Leiar:	Zofia Nedrebø	attval	1 år
Nestleiar/Trim:	John Sægrov Holm	ikkje på val	1 år igjen
Kasserar:	Jan Arild Herredsvela	ikkje på val	1 år igjen
Sekretær:	Beate Gudmestad	ny	2 år
Turn:	Hege Haugland	ikkje på val	1 år igjen
Fotball:	Anita Undheim Salte	ny	2 år
Styremedlem 1:	Håkon Rettedal Losvik	ny	2 år
Styremedlem 2:	Jim Helge Lomeland	ikkje på val	1 år igjen
Varamann:	Håvard Braut	ikkje på val	1 år igjen

Annonseansvarleg:

Kjetil Frestad	attval	2 år
----------------	--------	------

Bladstyret:

Tom Hetland	ikkje på val	1 år igjen
Torbjørn Jess	ny	2 år
Øyvind Nordsletten	ny	2 år
Lodve Haugland	på kjøt	og flesk

Revisor:

Ola Haugland	ny	2 år
Irene Grødem	ikkje på val	1 år igjen

Marsjgruppa:

Geir Fosse	attval	2 år
Heidi Line	attval	2 år
Geir Steinsland	ikkje på val	1 år igjen
Sonja Skårlund	ikkje på val	1 år igjen

Materialforvaltar:

Elin Haugland	tek ansvar i 2 år	-1 år igjen
---------------	-------------------	-------------

Ansvarlig for buå:

Dugnad

Banekomite:

Valkomite:

Jon Line	ikkje på val	1 år igjen
Tone Steinsland	ny	2 år
Kathrine Haugland	attval	2 år

e i k h i



Klepp Kiropraktikk
& Fysioterapi

● Kiropraktor Terje Nesse

● Fysioterapeut Ørjan Lie

Telefon: 51 42 14 50

Idrettsmerket

Me skal heilt tilbake til 2004 for å passere OVER 10 avgjorte merkeprøver. I 2016 var det dessverre kun 6 stk, men gledeleg at me fekk ein 20-årsjubilant. Me gratulerer, og håpar det blir mange fleire.

Det skal mye til for å slå rekorden fra 1990, da hele 30 stk trappet opp til merketaking. Vi søker jevnlig om pengestøtte til mer og bedre utstyr, men har ikke fått noe enda. Men vi fortsetter å prøve.

Det har blitt arrangert merketaking på Hognestad heilt sidan 1978, den gongen var det 21 stk. Litt kjekt å sjå eit namn på den lista som var ein blant dei 6 som tok det i år. Aldaren på årets deltagarar var mellom 41 og 78. Imponerande!

Håpar at det kjem inn nokon til neste gong som kan dra ned middelaldaren.

Mvh Zofia

PS! Idrettsmerket blir arrangert på stadion 3 gonger per år sommerstid. Det kreves og litt eigeninnsats. Les meir om idrettsmerket på idrettsmerket.no.

Marsjgruppa

Marsjgruppa har arrangert to marsjar i 2016. 35 deltok på sommarseriemarsjen 3. april. Det er ein stempelmarsj, og det er difor flest marsjfolk som går. Vêret var overskya med litt regn. Lykkemarsjen blei arrangert 14. august og hadde 87 vaksne og barn. 70 prosent var frå bygda, så det var ein veldig god oppslutning frå Hognestadkrinsen. Vêret var fint og det var godt sal i bua. Me må prøva å få mange til å gå i 2017 når me skal gå Lykkemarsj i august frå kl. 9.00-11.30.

Me er godt nøgde med arrangementa og oppmodar alle til å ta seg ein marsj i ny og ne.

Marsjgruppa ved Geir Steinsland



Banekomiteen

Drift og vedlikehald av fotballbanen vår

Sommaren 2016 kjøpte HIL inn 2.stk robotklypparar (husqvarna), som blei sett i drift i august/september.

Robotklypparane blir tekne inn til sjekk/oppladning om hausten hos jæren skog&hage og blir vintarlagra der. Startar opp igjen med klypping i april månad.

På styremøte 7.februar, var Ivar K Hognestad frå Sport&Grønt og informerte om vedlikehald av banen. Me i styret har bestemt at han tek seg av dette. (Såing, gjødsling, sand, dressing, lufting osv osv).

Det me i HIL må ta oss av er oppmerking av 11'er banen, samt vedlikehald av mål/ nett. HIL går til innkjøp av ei ny oppmerkningsvogn der det brukes maling i staden for spraybokser som me har bruk tidlegare.

John S Holm

Hognestad forsamlingshus

Faste leidgetakrar av forsamlingshuset har også for 2016 vore Vibå 4H, Marsjen og Hopp og Sprett. Idrettslaget har også nytta huset, blant anna til «Pølsepub med åresal» i oktober og det som kan ha vore sist pub på forsamlingshuset i romjula. Under jubileumsfestsuksessen i februar så kunne huset også tene som «backstage» for Emma Noor og Flat Fungus/Silo og Saft. I tillegg har huset blitt leidt av private til bursdagar og andre feiringar slik at total har huset vore i bruk ved omlag 40 anledningar.

Kontaktperson for leige av huset har vore underteikna. For 2017 vil mykje av aktiviteten bli flytta til det nye klubbhuset, men litt vil skje på forsamlingshuset også, iallfall fram til sommaren.

Styret i idrettslaget/Kristian Hognestad



Kverneland Bil
Vi tar ansvar!
BRYNE

BRYNE RØR AS

Aut. Rørleggerfirma
Skulegt. 9, 4340 Bryne

Telefon 51 77 82 00

Telefax 51 77 82 11

Internett: www.bryneror.no

E-mail: post@bryneror.no

Johansen Elektriske as

Arne Garborgs veg 53

Postboks 510, 4349 Bryne

Telefon: 51 48 01 01

Telefaks: 51 48 35 90

www.johansen-elektriske.no

Verv 2016

Leiar: Zofia Nedrebø
Nestleiar/Trim: John Sægrov Holm
Kasserar: Jan Arild Herredsvela
Sekretær: Karen Hognestad Liland
Turn: Hege Haugland Byberg
Fotball: Inger Marie Stensland
Styremedlem 1: Kathrine Mauland
Styremedlem 2: Jim Helge Lomeland
Varamedlem: Håvard Braut

Bladstyret:

Tom Hetland
Irene Paulsen Salte
Jorunn Erga Steinsland
Lodve Haugland

Husstyret:

Kristian Hognestad

Revisor:

Jon Laland
Grethe Oma

Banekomite:

HIL

Marsjgruppa:

Geir Steinsland
Steinar Paulsen
Sonja Skårlund
Heidi Line
Geir Fosse

Materialforvaltar:

Elin Haugland

Ansvarleg for bua:

Anne Oftedal

Sponsoransvarleg:

Kjetil Friestad

HIL sin representant i 17. maikomiteen:

Ingunn Oma

Valkomiteen:

Sveinung Paulsen
Jon Line
Kathrine Haugland

Jærbladet

Innkomne saker

1. Ingen

Kontingent

I dag er kontingensten 350 kr for Foreldre/barn (Her blir barnet rekna som medlem), Barn under 18 år 450 kr, Vaksne 600 kr og Støttemedlem 200 kr.

Styret sitt forslag til ny kontingent er å auke til 400 kr for foreldre/ barn, barn under 18 år til 500 kr, vaksne til 650 kr og støttemedlem til 300 kr. Styremedlemmer og trenarar skal betala vanleg kontingent og få kompensasjon for dette beløpet seinare.



STEINSLAND & CO

INTERSPORT[®] BRYNE

Hognestad idrettslag har avtale med Intersport.

Alle medlemmer i klubben får derfor

25% AVSLAG PÅ KLUBBKLÆR, OG

10% AVSLAG PÅ ALLE ANDRE VARER.

Alt du trenger å gjøre er å gi beskjed i kassen når du handler.

BLI STØTTEMEDLEM AV HOGNESTAD IDRETTSLAG!

Me har ledige plasser som støttemedlem.

Betal 200,- til konto 3325.20.70368, og merk betalinga med navn og adresse.

For dei som bur utanfor krinsen er dette også måten å få tilsendt vårt lagsblad på.



Velen til bedre økonomisk styring

Jæren REGNSKAP

Tlf. 51 78 86 50
Fax 51 78 86 51
E-mail post@jaeren-regn.no

FOSSE MEKANISKE

Rep. av traktorer og redskaper.

Forhandler av SUNOCO oljer og vaske / avfettingsmiddel.

Endre Fosse
Fosse
4340 Bryne



Tel. 51 48 47 95
Mob. 907 42 902
Fax. 51 48 47 96

Plages du med
**MAUR, MÅRR, VEPS
ELLER MUS?**

Tidligere
Actum Rogaland

ACTUM



Gratis kontroll: Ring 51 43 22 66 eller 07007

Val

Valkomiteen si innstilling til årsmøtet 2017

Leiar:	Zofia Nedrebø	attval	1 år
Nestleiar/Trim:	John Sægrov Holm	ikkje på val	1 år igjen
Kasserar:	Jan Arild Herredsvela	ikkje på val	1 år igjen
Sekretær:	Beathe Gudmestad	ny	2 år
Turn:	Hege Haugland	ikkje på val	1 år igjen
Fotball:	Anita Undheim Salte	ny	2 år
Styremedlem 1:	Håkon Rettedal Losvik	ny	2 år
Styremedlem 2:	Jim Helge Lomeland	ikkje på val	1 år igjen
Varamann:	Håvard Braut	ikkje på val	1 år igjen

Annonseansvarleg:

Kjetil Friestad	attval	2 år
-----------------	--------	------

Bladstyret:

Tom Hetland	ikkje på val	1 år igjen
Torbjørn Jess	ny	2 år
Øyvind Nordsletten	ny	2 år
Lodve Haugland	på kjøt	og flesk

Revisor:

Ola Haugland	ny	2 år
Irene Grødem	ikkje på val	1 år igjen

Marsjgruppa:

Geir Fosse	attval	2 år
Heidi Line	attval	2 år
Geir Steinsland	ikkje på val	1 år igjen
Sonja Skårland	ikkje på val	1 år igjen

Materialforvaltar:

Elin Haugland	tek ansvar i 2 år	-1 år igjen
---------------	-------------------	-------------

Banekomite:

Valkomite:

Jon Line	ikkje på val	1 år igjen
Tone Steinsland	ny	2 år
Kathrine Haugland	attval	2 år

ÅRSMØTE 2016

Hognestad Idrettslag held årsmøte på Hognestad forsamlingshus
onsdag 24. februar kl. 20.00

Dei som møtte:

14 stk møtte

Sakliste:

1. Godkjenning av dei med røysterett. Godkjent.
2. Godkjenning av innkalling, sakliste og møteregrlar. Godkjent.
3. Val av.
 - a) møteleiar. Eyvind.
 - b) referent. Karen.
 - c) to representantar til å skrive under møteprotokollen. Jon Line og Sveinung Paulsen.
2. Årsmelding. Karen las opp rapport frå styret.
3. Rekneskap. Lisa går gjennom regnskapet.
4. Innkomne saker:
 - Godkjenne ny lov frå Noregs Idrettsforbund. Godkjent.
 - Styret i Hognestad Idrettslag har myndighet til å ta opp lån og forvalta eigedomen. Godkjent.
 - Bygge klubbhuset. Byggekomiteen er entrepenør på vegne av styret. Godkjent.
5. Kontingent. Godkjent.
6. Budsjett. Lisa går gjennom budsjett for 2016.
7. Organisasjonsplan. Godkjent.
8. Val

Utdeling av blomar, diverse.

Me vil ut over dette minna om NIF si lov ved val/oppnemning sjå
www.idrett.no/tema/lover.

Med venleg helsing

Styret



- Din lokale oljeforhandler for Jæren - 4362 Vigrestad

Vi har tanker på lager klare for levering. Vi selger også brukte tanker

For mer info besøk vår nettside www.jaerenolje.no eller tlf. 982 00 000

Dato til:

Regnskapsår 2016

Periode til: 01

Resultat m. mengde

for

HOGNESTAD IDRETTSLAG

Side: 1

Nr.	Kontonavn	Mengde	Hittil i år	Hittil i fjor	
			Beløp	Budsjet	Mengde
Salgs- og driftsinntekt					
3000	Salgsinntekt (inkl.pub), høg sats		353 108,20 cr		102 807,20 cr
3010	Salgsinnt. div reklame, høg sats		238 200,00 cr		172 210,40 cr
3020	Dugnadsinntekter, avgiftspliktig		40 282,40 cr		48 196,40 cr
3060	Uttak av varer, avgiftspliktig, høy sats		1 588,65 cr		346,18 cr
3063	Uttak av varer, avgiftspliktig (mat)		41 403,08 cr		16 547,05 cr
3110	Salg egentilvirk. varer, innenl. avg.fri				6 385,00 cr
3200	Busalg, u/avg. omr.		22 007,00 cr		12 049,00 cr
3210	Inntekt eigne arr., u/avg.omr.				0,00
3400	Tilskudd NIF m.m.		187 263,00 cr		123 227,00 cr
3440	Div tilskot/grasrotandel		29 689,34 cr		32 676,64 cr
3441	Andre tilskudd, gaver		48 259,70 cr		3 877,19 cr
3600	Leieinntekt (avg.pl.)		24 154,40 cr		17 600,00 cr
3920	Medl kont Foreldre - barn	1	400,00 cr		4 1 600,00 cr
3921	Medl kont Barn	137	68 500,00 cr		192 95 170,00 cr
3922	Medl kont Voksen	40	26 000,00 cr		12 7 800,00 cr
3923	Medl kont Støttemedl	111	33 286,00 cr		162 48 600,00 cr
3972	Inntekt idr. o.l. arr. (u.avg.omr)		63 330,00 cr		49 272,00 cr
Salgs- og driftsinntekt			1 177 471,77 cr	0	738 364,06 cr
Varekostnad					
4000	Innkjøp av varer, høg sats		115 587,39		37 181,73
4030	Innkjøp varer. (mat) red.sats.		82 865,12		27 477,01
4040	Innkjøp råvarer og halvfabrikat, avg.fri		3 552,25		422,00
4100	Varer uttatt til kiosk (u.avg.omr)		18 953,33		37 561,82
4300	Innkj. av varer for videresalg, høy sats				33 534,80
4500	Fremmedyt. ikke idr. m mva		22 864,00		
4540	Fremmedyt. ikke idr. u mva		49 734,00		
4550	Fremmedytelse idr.o.l.arr.		8 049,00		
Varekostnad			301 605,09	0	136 177,36
Dekningsbidrag			875 866,68 cr	0	602 186,70 cr
Lønnskostnad					
5010	Lønn musikere o.l. ikke idr.		21 600,00		
5020	Lønn trenere/vaskehjelp		125 095,00		125 915,00
Lønnskostnad			146 695,00	0	125 915,00
Driftskostn. og av- og nedskrivninger					
6200	Elektrisitet		20 256,87		13 387,57
6320	Renovasjon, vann, avløp o l		5 805,20		5 592,68
6360	Renhold		561,20		476,56
6550	Idrettsutstyr m reklame avg.pl.		51 301,10		42 654,48

Dato til:

Regnskapsår 2016

Periode til: 01

Resultat m. mengde

for

HOGNESTAD IDRETTSLAG

Side: 2

Nr.	Kontonavn	Mengde	Hittil i år	Hittil i fjor	
			Beløp	Budsjet	Mengde
6559	Anna idr.matr u avg omr		6 680,10		11 852,35
6600	Reparasjon og vedlikehold bygninger		12 499,67		59 310,56
6620	Reparasjon og vedlikehold utstyr		60 240,68		
6700	Revisjons og regnskapshonorar		44 324,24		40 822,24
6800	Kontorekvista		992,68		2 167,34
6810	Data/EDB kostnad		6 251,40		5 351,64
6820	Trykksak m reklame		3 637,60		22 751,20
6840	Aviser, tidsskrifter, bøker o l		13 405,00		
6860	Møte, kurs, oppdatering o l		13 059,00		12 051,80
6890	Annen kontorkostnad		476,56		1 150,00
6940	Porto				966,00
Driftskostn. og av- og nedskrivninger			239 491,30	0	218 534,42
Annen driftskostnad					
7140	Reisekostnad, ikke oppgavepliktig		7 428,00		
7320	Reklame/annonser		525,20		3 884,40
7350	Servering, representasjon o.l.		11 090,88		12 013,40
7400	Trenerlisenser		4 000,00		3 850,00
7405	Dommerkostn (Reise, honorar)		6 157,00		
7410	Kontingenter		26 960,00		24 155,00
7411	Påmeldingsavgift		44 090,00		34 060,00
7420	Gaver, prem. blomst.(idr.)		5 013,00		8 695,36
7500	Forsikringspremie		39 173,00		27 564,00
7740	Overgangsgebyrer		12 000,00		100,00
7770	Bank og kortgebyr		10 380,00		4 554,00
7790	Annen kostnad		8 132,61		3 298,66
7791	Div. utg. egne arrangement		32 892,41		582,94
7839	Endring i avsetning for forventet tap		4 500,00 cr		
Annen driftskostnad			203 342,10	0	122 757,76
Driftsresultat			286 338,28 cr	0	134 979,52 cr
8040	Renteinntekt		9 707,21 cr		24 429,12 cr
8151	Rentekostnad banklån		38 324,11		
8155	Rentekostnad leverandørgjeld		692,81		
Ordinært resultat før skattekostnad			257 028,57 cr	0	159 408,64 cr
Ordinært resultat			257 028,57 cr	0	159 408,64 cr
Årsresultat			257 028,57 cr	0	159 408,64 cr
8800	Årsresultat				159 408,64

Dato fra-til:

Regnskapsår: 2016

Periode: 01 - 01

Balanse

for

HOGNESTAD IDRETTSLAG

Side:

1

Nr.	Kontonavn	Denne periode		Hittil		
		Regnskap i år	Regnskap i fjor	Budsjett	Regnskap i år	Regnskap i fjor
EIENDELER						
1130	Anlegg under utførelse	4 139 270,94			4 139 270,94	
	Anleggsmidler	4 139 270,94	0,00	0	4 139 270,94	0,00
1500	Kundefordringer	63 172,00	23 875,00		63 172,00	23 875,00
1570	Kortsiktige fordringer medlemmer	0,00	2 790,30		0,00	2 790,30
1580	Avsetning tap på fordringer	0,00	4 500,00 cr		0,00	4 500,00 cr
1900	Kontanter	0,00	15 491,00		0,00	15 491,00
1920	3325.20.70368 JærSb Forenkto	252 428,56	523 399,09		252 428,56	523 399,09
1921	3325.50.15783 JærSb Sparekto	272 215,02	1 082 022,60		272 215,02	1 082 022,60
1922	3325.40.02157 JærSb Medlkonting	11 091,24	140 930,00		11 091,24	140 930,00
1923	3290.56.67903 JærSb Telt/pub	189 487,09	31 827,75		189 487,09	31 827,75
1925	3212.55.07017 SR Bank		0,00			0,00
1950	Bankinnskudd for skattetrek	597,38	597,38		597,38	597,38
	Omløpsmidler	788 991,29	1 816 433,12	0	788 991,29	1 816 433,12
	Eiendeler	4 928 262,23	1 816 433,12	0	4 928 262,23	1 816 433,12
EGENKAPITAL OG GJELD						
2050	Annen egenkapital	1 601 934,49 cr	1 601 934,49 cr		1 601 934,49 cr	1 601 934,49 cr
	Opptjent egenkapital	1 601 934,49 cr	1 601 934,49 cr	0	1 601 934,49 cr	1 601 934,49 cr
2099	Udisponert resultat	159 408,64 cr	159 408,64 cr		159 408,64 cr	159 408,64 cr
	<i>Udisponert resultat (Ikke bokført)</i>	257 028,57 cr	0,00		257 028,57 cr	0,00
	Sum udisponert resultat	416 437,21 cr	159 408,64 cr	0	416 437,21 cr	159 408,64 cr
	Total egenkapital	2 018 371,70 cr	1 761 343,13 cr	0	2 018 371,70 cr	1 761 343,13 cr
2360	Byggelån 3290.57.27337	2 775 051,11 cr			2 775 051,11 cr	
2400	Leverandørgjeld	7 094,02 cr	17 284,00 cr		7 094,02 cr	17 284,00 cr
2600	Forskuddstrekk	844,00 cr	0,00		844,00 cr	0,00
2701	Utgående merverdiavgift, høy sats	164 308,97 cr	0,00		164 308,97 cr	0,00
2703	Utg. mva, redusert sats mat	6 210,47 cr	0,00		6 210,47 cr	0,00
2711	Inngående merverdiavgift, høy sats	59 208,28	0,00		59 208,28	0,00
2713	Inng. mva, redusert sats mat	12 429,76	0,00		12 429,76	0,00
2740	Oppgjørskonto merverdiavgift	0,00	37 805,99 cr		0,00	37 805,99 cr
2960	Påløpt kostnad og forskuddsbet. inntekt	28 020,00 cr			28 020,00 cr	
	Kortsiktig gjeld	2 909 890,53 cr	55 089,99 cr	0	2 909 890,53 cr	55 089,99 cr
	Total gjeld	2 909 890,53 cr	55 089,99 cr	0	2 909 890,53 cr	55 089,99 cr
	Egenkapital og gjeld	4 928 262,23 cr	1 816 433,12 cr	0	4 928 262,23 cr	1 816 433,12 cr

Rekeneskapen er revisert og funnen i orden $\frac{22}{2}-17$

JreneTime Groden

For balance.



SKRUDLAND FRISØR

FOR HAN OG HENNE

TLF. 51 48 28 58

Åpningstider:

tirsdag 10.00 - 19.00 torsdag fredag 10.00 - 16.00
lørdag 09.00 - 13.00
mandag og onsdag stengt



Veterinærane Risa

Innringing før kl. 9.00. Tlf. 51 48 43 75

Jan Risa

mob. 48118311

Svein Ove


mob. 90022391

Jarl mob. 97163531



VEST AS
Bjørhaug, 4365 Nærø
Tlf. 51 43 39 60 Fax. 51 43 48 66
www.fjossystemer.no





ØVESTAD A.S.

BETONGENT REPREN Ø R
Postboks 22, 4367 Nærø
Tlf. 911 13 493



TRANSPORT SANDTAK Ans

Tlf: 51 48 60 47 - Mob. 909 44 444
Fax. 51 48 60 53 - Pri. 51 48 12 90



BRYNE KRO & HOTELL



HAUGLAND
GARDSBARNEHAGE

Maria Schei

Storgata 25
4340 Bryne
Tlf. 92 65 30 40



Hans Petter

SÆRHEIM
GRAVING & STEINLØING

Mob. 930 16 390

Fosse, 4340 Bryne • e-post: hps@tage.no

KNUST ELLER PUNKTERT RUTE?

VI ORDNER ALT I SPEIL, GLASS OG BILGLASS



Einar

Knutsen as

GLASSMESTEREN PÅ JÆREN

TLF. 51 48 02 11 • DØGN SERVICE 971 78



Alt i mat til hverdag
og fest.



Jærvien 502
4352 Klepp

FARSTAD
catering

JÆRVEGEN 502, 4352 KLEPPE

Klepp sentrum
Tlf. 51 48 21 82
Fax. 51 48 19 52
post@farstad-catering.no

DEKKETØY • KOLDTBORD • SNITTER • SELSKAPSARRANGEMENT • BRYLLUP • KONFIRMASJON



TEAM BYGG



BARNEKLÆR 0-14 ÅR - SKO - INTERIØR - LEKER
Tlf. 51 48 52 50

REMA 1000

Håland 8-22 (9-20)



klara & villbassen

www.villbassen.no

Alveland

BUNADER



*Alveland**

4340 Bryne
Telefon: 51 48 75 15
www.alveland.info

Knaphus 
Energi

WACO
Forsikringsmegling as



TIME ELEKTRO AS

når resultatet er viktig

Naboen
utleieforretningen



FATLAND JÆREN AS



Nærø Rør og Elektro

Tlf. 51 79 37 00

VAKTTELEFON ELEKTRO:
977 67 070

**ALT INNEN
VVS OG
ELEKTRISKE
INSTALLASJONER**



VAKTTELEFON RØR:
930 19 400